



# Møteprotokoll Fellesrådsmøte

Desse møtte: *Turid Engen, Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide, Wenche Iren Roppen, Lars Sellereite, Kjersti Røyset Toppohol, Hege Tretnes, André Gjerde (2. vara), Kristian Fuglseth (kommunal representant i fellesråd), Jan Erik Hovland (kyrkjeverje, sekretær).*

Tysdag 13. jun. 2017  
kl. 18:00-20:00  
kyrkjekontoret

Fråfall: *Elisabeth Myrene (permisjon), Lidvar Arne Grimstad (1. vara), Dagfinn Snipsøyr (3. vara), Leidulv Ø. Grimstad (sokneprest),*

---

Opning ved Bjørg Vartdal Hareide

## Saksliste

- FR 15/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**
- FR 16/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**
- FR 17/17 Utlysing av kyrkjeverjestillinga**
- FR 18/17 Rekneskapsrapport 1. tertial 2017**
- FR 19/17 Revidert driftsbudsjett juni 2017**
- FR 20/17 Økonomiplan 2018 – 2021**
- FR 21/17 Møteplan hausten 2017**
- FR 99/17 Eventuelt**

## Orienteringar:

Vedlegg: *FR170613 Orienteringar.pdf*

- Referat frå underutval:
  - Arbeidsutvalet 6. april 2017
  - Arbeidsutvalet 9. mai 2017
  - Arbeidsutvalet 6. juni 2017
  - Dugnad på kyrkjegården 22. april 2017
  - Kyrkjemusikalsk utval 03. mai 2017
  - Misjonsutvalet 26. april 2017
- Stabsutvikling og stabstur til Litauen

## **FR 15/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 9. juni.

Vedtak: *Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.*

## **FR 16/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 4. mai.

**Merknad** til sak FR 13/17: i vedtaket punkt 1 har noko tekst falt ut i fyrste setning etter komma. Korrekt setning skal lyde (ny tekst i kursiv): «Fellesrådet viser til førespurnad frå bedehusstyret om overtaking av Hareid bedehus, og *vil oppnemne eit utval som skal* utarbeide eit dokument som gjev grunnlag for avgjerd i fellesrådet.

Vedtak: *Fellesrådet godkjenner referatet med rettinga.*

**FR 17/17 Utlysing av kyrkjeverjestillinga**

Vedlegg: *FR1717a Forslag utlysningstekst kyrkjeverjestillinga.pdf*

**Saksutgreiing:**

Kyrkjeverje Jan Erik Hovland har sagt opp si stilling. Han ser for seg å stå i stillinga fram til 22. september.

AU tilrår å lyse ut stillinga så snart som råd, med søknadsfrist 11. august.

**Fellesrådet si handsaming:**

Ei omarbeiding av Alternativ 1 vart ynskja. Det vart gitt forslaget til endringar i teksten.

*Vedtak: Kyrkjeverja formulera ny tekst basert på innspela i møtet. Nytt tekstforslag vert sendt ut på e-post for høyring. Fellesrådsleiar godkjenner endeleg tekst.*

**FR 18/17 Rekneskapsrapport 1. tertial 2017**

Vedlegg: *FR1817a Rekneskapsrapport 1. tertial 2017.pdf*

**Saksutgreiing:**

I 1. tertial har verksemda hatt eit meirforbruk, og det er naudsynt å følgje med på utviklinga vidare. Det har òg vore avdekkja feil i budsjettet, så det kan vere vanskeleg å få eit rett bilet av den økonomiske situasjonen.

*Vedtak: Fellesrådet tek rekneskapsrapporten til vitande.*

**FR 19/17 Revidert driftsbudsjett juni 2017**

Vedlegg: *FR1917a Revidert driftsbudsjett juni 2017.pdf*

**Saksutgreiing:**

Det var ein god del feil i budsjettet for 2017, nokre feilplasseringar og nokre feilberekingar. I tillegg har vi fått litt auke i tilskot og gåver. Vedlagt er revidert budsjett i balanse.

Nokre merknader: det er budsjettet med bruk av ubundne driftsfond. Noko er til stabstur – og kan forsvarast med at ein ikkje drar på ein slik tur kvart år. Tilskotet til turen er heller ikkje endeleg handsama. Vidare vart ikkje rammetilskotet frå kommunen justert for løns- og prisvekst. P.t. ligg det inne eit forslag frå kommuneadministrasjonen i revidert budsjett kor soknet vert tilgodesett med denne auken. Det utgjer 80.000,- og vil, dersom vedteken, gjere at bruk av ubundne fond vert redusert tilsvarende.

*Vedtak: Fellesrådet vedtek revidert driftsbudsjett 2017.*

**FR 20/17 Økonomiplan 2018 – 2021**

Vedlegg: *FR2017a Økonomiplan 2018 – 2021.pdf*

**Saksutgreiing:**

Vedlagt er Økonomiplan for dei neste fire åra. Planen er rullerande, og skal sendast kommune som grunnlag i deira handlingsprogram.

Vi har fått gjennomført en god del av dei tiltaka som låg i den gamle planen, i og med tiltaksmidlane frå staten som vart løyvd tidlegare i vår. Vidare er to tiltak som har vore handsama i fellesrådet tidlegare no blitt tatt inn.

*Forslag til vedtak: Fellesrådet vedtek Økonomiplan for 2018 – 2021.*

**FR 21/17 Møteplan hausten 2017**

*Vedlegg: FR2117a Møteplan hausten 2017.pdf*

**Saksutgreiing:**

Siste møte i noverande plan er i september, og resten av hausten må planleggast.

*Forslag til vedtak: Fellesrådet vedtek Møteplan for hausten 2017.*

**FR 99/17 Eventuelt**

Jan Erik Hovland

referent

kyrkjeverje